

24.09.2009

Ungdomsklubben i Gamleskulen er igang!



Desse fem var på plass ved biljardbordet opningskvelden: Frå høgre Johannes Taranger, Katrine Yri Røssland, Andreas Huse, Jostein Bauge og Kenneth Stensletten Nilsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ungdomsklubben Zacko i Gamleskulen er open kvar onsdag frå klokka 18 og utover til 22.30. Truleg var det ikkje så mange ungdommar som visste om det denne onsdagskvelden, for berre fem var på plass saman med ungdomsleiar Arve Rødland då uskedalen.no stakk innom.**

Det var også andre forklaringar på det heller spinkle frammøtet: Åttandeklassingane var på klassetur til Seljestad og tiandeklassingane førebudde seg på prøve dagen etter. Neste onsdag tippar vi at at langt fleire er på plass. Zacko har bak seg to gode sesongar og det er ikkje noko som skulle tilseia at interessa skulle svikta no.

Rødland kan ellers opplysa om kraftig og vedvarande vind i segla for ungdomsklubben på Husnes, der han har jobben sin til vanleg. Denne klubben er ope året rundt og det er som regel innom mellom 50 og 70 ungdommar i underetasjen i kulturhuset kvar kveld.

- Men hvis det møter fram 15 i Uskedalen er det storvegs, seier ungdomsleiar Geir Remme, som vanlegvis har ansvaret på Zacko men haadde forfall denne kvelden.  
Klubben er for dei frå 8. klasse og oppover till 18 år.

Det var ikkje minst innkjøpet av meir utstyr som auka vinda i segla for ein nedleggjingstruga Zacko. Datamaskinar og playstation gjorde susen i tillegg til biljardbordet og gjer det vel framleis?

Av Ola Matti Mathisen